

Retningslinjer ved pålegg om tilkobling til kommunalt avløpsnett:

Vedteke av Ål kommunestyre 22.08.2019, K.sak 42/19

Det vert vist til Plan- og bygningsloven § 27-2, 2. ledd.

Nærliggande areal:

- 1 Når offentlig avløpsleidning går over eigedomen eller i veg som støyter til den, eller over nærliggande areal, skal bygning som ligg på eigedomen, koplast til avløpsleidningen. Avstand på opp mot 600m vert vurdert som nærliggande areal.

Kva er for stor kostnad:

- 2 Øvre kostnadsramme for pålegg om tilkopling vert rekna etter Folketrygdens grunnbeløp x 2,0 pr. eigedom (2G). Folketrygden sitt grunnbeløp er ein utrekningsfaktor som vert bestemt av Stortinget 1.mai kvart år. Er det vedteke eit anleggstilskot skal dette vera inkludert i 2G. Tilkoplingsavgift pr. eining kjem i tillegg.

Kostnad på den private stikkleidningen vert rekna frå kommunal leidning og fram til næraste tilkoplingspunkt på eigedomen.

Innvendig røyrleggerarbeid inngår ikkje i summen på 2G.

Kostnadsgrensa gjeld for alle nye tilkoplingar der det ikkje allereie er skrive avtale om tilkopling.

Maksgrensa for leiligheitsbygg blir vurder for seg.

Særlege omsyn:

- 3 For eigedommar som ligg innanfor kostnadsramma for pålegg om tilkopling, kan kommunen vurdere å utsette pålegg dersom det nyleg er investert i nytt separat avløpsanlegg. Godkjent utsleppsløyve for anlegget må ligge føre, og anlegget må ikkje vere eldre enn 15 år. Anlegg som er yngre enn 15 år kan også få vedtak om tilkopling viss anlegget ikkje fungerer som det skal.

Grunnar for å gi utsetting:

- 4 For eigedommar som for tida ikkje er i bruk pga dårleg tilstand, kan det gis løyve til utsetting av tilkopling til eigdommen vert teke i bruk. Det må sendast inn søknad med dokumentasjon (mellom anna bilete). Bygningar som er i god stand, men som ikkje er i bruk kan også få utsetting. Det er da eit krav at røyrleggar kan dokumentere at vassleidningen inn i bygningen er plombert.

- 5 Ved planlagt sal av eigedommen, eller der eigedommen er i ein salsprosess kan det gis løyve til utsetting i inntil 2 år. Saka vert følgt opp når tidsfristen har gått ut, eller når eigedommen er blitt selt. Eigar er pliktig til å opplyse om dette.
- 6 Ved høg alder eller sannsynleg eigarskifte på grunn av høg alder, kan det søkast om utsetting i inntil 3 år eller til eigarskifte. Dersom det er tungtvegande grunnar for ytterlegare utsetting kan dette søkjast om. Alle søknadar vert behandla individuelt.

Ved søknad om utsetting av gjennomføring av pålegg, skal pålegget tinglysast for eigar si rekning.

Løyve til tilkopling til eksisterande private anlegg

Det vert vist til Plan- og bygningsloven § 27-3.

- 7 Kommunen kan i enkeltvedtak tillate tilknytning til private vass- og avløpsanlegg sjølv om eigar av anlegget seier nei til tilknytning.

Dersom tiltakshavar må grave over anna manns grunn for å kome fram til tilkoplingspunktet, må det ligge føre løyve frå den aktuelle grunneigar til dette.

Den som blir knytt til utfører eller betalar dei utvidingar og endringar av anlegget som blir nødvendig på grunn av tilknyttinga.

Anleggseigar skal kompensrast for anleggskostnadane. Dersom partane ikkje vert samde om summen skal dette avgjerast ved skjønn, jf. forurensningsloven § 23.